

HARAM KOMMUNE

Sakspapir

Utval	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Formannskapet	20.08.2013	056/13	Per Langnes
Kommunestyret	19.09.2013	056/13	Per Langnes

Avgjerd av: Kommunestyret	Arkiv: 026	Arkivsaknr 13/697
---------------------------	---------------	----------------------

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS - endringar i selskapsavtalen

Framlegg frå Rådmannen:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Haram kommunestyre godkjenner endringane i selskapsavtalen for "Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS" i samsvar med saksutgreiinga.

Behandling i Formannskapet den 20.08.2013:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS-056/13 Tilråding:

Haram kommunestyre godkjenner endringane i selskapsavtalen for "Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS" i samsvar med saksutgreiinga.

Behandling i Kommunestyret den 19.09.2013:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-056/13 Vedtak:

Haram kommunestyre godkjenner endringane i selskapsavtalen for "Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS" i samsvar med saksutgreiinga.

Vedlegg:

IKA - Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal - endring i selskapsavtalen
Ny selskapsavtale med endringar
Paragrafer som vert endra

Saksutgreiing:

På representantskapsmøtet i Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKAMR) 2012 vart det gjort to endringar i selskapsavtalen. Endringane skal i flg. § 25 i avtalen godkjennast av kommunestyra i dei deltakande kommunane. Dei to endringane gjeld:

§ 5 Innskotsplikt og eigardel

Eigardelen skal justerast kvart fjerde år ut i frå folketalet, første gong i 2004. Eigardelane omhandlar kor stor del av selskapet kvar kommune eig og som dei har økonomisk ansvar for. Paragrafen har også innverknad på § 6 ansvarsfordeling og § 8, fjerde ledd, røysterett i representantskapet.

§ 17 Låneopptak og garantitilsegn

Ramma for låneopptak er utvida frå ein til to millionar kroner. Dette vart gjort fordi IKAMR har utvida kapasiteten i arkivdepoet med om lag 6500 hyllemeter, og reolane skal finansierast ved lånopptak. Kostnadene er dekt inn ved utleige av arkivplass. Kvar eigar står ansvarleg for sin pro rata del av gjelda. Haram kommune med sin eigardel på 2,591 % vil stå ansvarleg for kr 51.820.

Vurdering:

Rådmannen rår til at endringane i selskapsavtalen vert godkjent.

Rådmann

Per Langnes
Leiar Stab/støtte